



K8P1

Sakshandsamar:

Bjørn Falck Russenes

E-post: bjorn.falck.russenes@sf-f.kommune.no

Tlf: 57 65 62 53

Vår ref.

Ark.nr.: 05/01580/L.nr: 006700/05

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Årdal kommune

Teknisk etat

Dato

LEIKANGER, 16.08.2005

6885 ÅRDALSTANGEN

Årdal kommune - Skredfare - sikringstiltak Barnehage Uravegen – Øvre Årdal

Viser til melding fra Årdal kommune og til synfaring 07.03.2005.

Skredhending

Søndag ettermiddag 06.03.2005 omkring kl. 18.00, losna det i fjellsida ovanfor Uravegen nokre steinblokket. Desse rulla og hoppa gjennom ura. Ei blokk nådde ned på ein eksisterande sikringsvoll. Derfrå smalt noko av steinen i veggen på barnehagen, om lag ein meter oppe på veggen. Det blei slått hol i treveggen og det blei gjort skadeverk på innsida av veggen. Steinen er vurdert til ein storleik på 250 kg.

På synfaringa møtte Ingvar Laberg, oppvekstleiar, Rigmor Hov, styrar for barnehagen og Roy Dalheim områdeleiar teknisk drift.

På staden er det i dag sett opp ein mindre voll. Denne har ein storleik på 2,5 til 3 meter i høgde målt på oppsida med ei breidde i toppen på ca. 50 cm. Det er tydeleg å sjå at vollen har mista form og effekt. Denne vollen er rundt 20 meter lang. På baksida er det ei eldre vassførande grøft. Delvis er grøfta lagt i røyr. Mellom vollen og barnehagen er det sett opp eit nettinggjerde. Gjerde blei også skada under denne hendinga.

Skredrisiko

I fjellsida ovanfor Barnehagen og Uravegen er det fleire brattheng med svært oppsprekt fjell. I foten av bratthenget er det over tid bygd seg opp ei middels grovblokka ur, noko som tydeleg også har gjeve namn til staden og vegen. Det ustabile partiet finne ein mellom svingane på vegen opp til Fardalen og Lønevadskori.

Det er ikkje til å leggja skjul på at ein også på sikt må pårekna utfall av steinblokker i dette bratthenget. Med andre ord vil ein også i framtida måtte pårekne steinsprang ned mot barnehageareala og bustadområde ved Uravegen.

Under synfaringa 7.03.2005 var det frå kommunen si side også aktuelt å sjå nærare på naboeigedomen mot vest, Flåtavegen 11. Her er det lokalisert ein fellesbustad for utviklingshemma, ein tidlegare HVPU eining. Etter mi vurdering må ein sjå i augo at også denne eigedomen ligg utsett til i høve mogelege steinsprang i framtida. Eigedomen er ikkje tilfredsstillande sikra mot steinsprang i dagens situasjon.



Skredsikring


Sikring av fjellsida vil mest truleg bli svært krevjande og vanskeleg. Til dømes med tensk og bolting. Det vil også vera ei økonomisk utfordring i høve kor mykje arbeid som skal og må utførast. Det vil også vera naudsynt med jamleg inspeksjon og tiltak i fjellsida. Det beste alternativet vil derfor etter mitt syn vera å etablera nytt mottaksapparat som er tilfredsstillende dimensjonert i avsetningsområdet. Det vil sei i området mellom barnehagen og upfronten.

Erfaring viser at eksisterande sikringsvoll er for dårlig. Den er underdimensjonert, samstundes som den er feilplassert.

Etter mi oppfattning bør vollen flyttast nærmare bygningen, om lag der gjerde er plassert i dag. Ny sikringsvoll bør byggjast opp av solid steinmateriale med ei totalhøgde oppstraums på 4 meter og ei breidd i toppen på minimum 2m. Dette fordi det er viktig å behalde form og dermed styrke i heile konstruksjonen. Det kan om ønskjeleg også vera aktuelt å forsterka vollen med fangnett på toppen. Storleiken på vollen kan reduserast noko, dersom ein i tillegg vil bruke fangnett. Eit fangnett vil likevel ikkje kunne erstatta sikringssvollen.

Vedlagt følgjer skisse av korleis vollen bør sjå ut. Legg merke til at det er naudsynt med nær vertikal oppstraums avslutning på vollen. Vollen bør byggjast i heile lengda av barnehagen. Det er i den samanheng viktig å syte for at det er god drenering av og godt avløp for vatnet som blir fanga opp av vollen.

I lys av dei vurderingar som er gjort for Fellesbustad for utviklingshemma, med tilkomst frå Flåtavegen, vil det vera ønskjeleg å forlengja vollen vestover, slik at også denne eigedomen blir sikra mot steinsprang.



10. AUG. 2005

9:12

ARDAL KOM

SØGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE 65140

T-089 NR. 589211 S. 3


A 30701

+47 57665140



URAVEGEN


M = 1 : 5000
(NUNDALEN)



SKISSE SIKRINGSUULL
BØRNESKÅS URRAVEGEN - BUREÅRNAL
FRØMLESKÅS

N ↕

mt. 2 m



16.8.2005